

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Svein Helge Hofslundsengen	FE - 223	17/105

Saknr	Utval	Type	Dato
010/2017	Kraftfondsstyret	PS	12.09.2017
	Kommunestyret	PS	

Optikar Christel Daae as - søknad om støtte gjennom kraftfondet

Vedlegg:

Journalposttittel

Søknad om tilskot/lån i Kraftfondet
Kraftfondet
Budsjett

Dato

12.06.2017
06.02.2017
06.02.2017

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Optikar Christel Daae as får eit tilskot med kr. 40.000 gjennom kraftfondet til etablering av optikerverksemd, samt sal av briller, linser m.m., og det som naturleg høyrer saman med dette.
2. Optikar Christel Daae as får tildelt lån gjennom kraftfondet med stort kr. 150.000 til omsøkte investeringsføremål. Lånet vert gitt med 5 års nedbetalingstid.
3. Lån med pant i eigedom/anlegg/utstyr
4. Frist for å nytte lånetilsagnet vert sett til den 21.09.2018
5. Vedtaket kan etter forvaltningslova § 28 påklagast. Klagefrist er 3 veker.

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Det vert søkt om kr. 40.000 i tilskot og kr. 450.000 i lån gjennom kraftfondet til optikerverksemd, samt sal av briller, linser m.m., og det som naturleg høyrer saman med dette.

Fakta

Viser til søknadene/standard søknadskjema kraftfondet, som følgjer som saksvedlegg

Kraftfondet skal i hovudsak nyttast til næringsføremål. Prosjekt som har til føremål å betra vilkåra for sysselsetjing av ungdom og kvinner bør prioriterast. Fondet's midlar kan berre nyttast til investeringar i varige driftsmidlar.

Samla finansiering frå kraftfondet til private nærings tiltak skal som hovudregel ikkje overstige 25 %

av den samla kapitaltrongen for eit prosjekt.

Kraftfondet er først og fremst retta mot støtte til mindre næringsprosjekt. For større prosjekt (samla kapitalbehov utover 500.000,-) skal søkjar først avklare mogleg støtte gjennom innovasjon Noreg eller andre regionale støtteordningar, før kraftfondet tek saka opp til handsaming.

Vurdering

Søknadene stettar kravet og vilkår for støtte gjennom kraftfondet. Kraftfondet er først og fremst retta mot støtte til mindre næringsprosjekt. For større prosjekt (samla kapitalbehov utover 500.000,-) skal søkjar først avklare mogleg støtte gjennom innovasjon Noreg eller andre regionale støtteordningar, før kraftfondet tek saka opp til handsaming. Ingen dokumentasjon på dette forholdet, men søkjar kjem til kraftfondstyremøte for å presentere søknaden. Tiltaket er innfor satsingsområde som går på å betra vilkåra for sysselsetjing av kvinner. Fondet's midlar kan berre nyttast til investeringar i varige driftsmidlar. Samla finansiering frå kraftfondet til private nærings tiltak skal som hovudregel ikkje overstige 25 % av den samla kapitaltrongen for eit prosjekt, og samla kapitalbehov er kr. 900.000,- og innstillinga innfor desse føringane. Innstillinga i saka er basert på rammer og midlar til tildeling basert på saka om revidert kraftfondsbudsjett 2017. Kraftfondstyret får vurdere om dei ønskjer å gå utover denne ramma med omsyn til samla fondsbeholdning og tidlegare års unytta midlar når det gjeld sum lån.

Konklusjon

Optikar Christel Daae as får eit tilskot med kr. 40.000 gjennom kraftfondet til etablering av optikerverksemd, samt sal av briller, linser m.m., og det som naturleg høyrer saman med dette.

Optikar Christel Daae as får tildelt lån gjennom kraftfondet med stort kr. 150.000 til omsøkte investeringsføremål. Lånet vert gitt med 5 års nedbetalingstid. Lån med pant i eigedom/anlegg/utstyr
Frist for å nytte lånetilsagnet vert sett til den 21.09.2018. Vedtaket kan etter forvaltningslova § 28 påklagast. Klagefrist er 3 veker

Kraftfondsstyret - 010/2017

KRFT - behandling:

Ordførar Karstein Totland (H) orienterte kort og saka vart drøfta.

Optikar Christel Daae møtte til denne saka og orienterte som søknaden til kraftfondet.

Frode Langhelle (H) sette fram følgjande framlegg til endring i pkt 2:

Optikar Christel Daae as får tildelt lån gjennom kraftfondet med stort kr. 200 000 til omsøkte investeringsføremål. Lånet vert gitt med 5 års nedbetalingstid.

Framlegg til vedtak med endringa frå H vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

KRFT - vedtak:

1. Optikar Christel Daae as får eit tilskot med kr. 40.000 gjennom kraftfondet til etablering av optikerverksemd, samt sal av briller, linser m.m., og det som naturleg høyrer saman med

dette.

2. Optikar Christel Daae as får tildelt lån gjennom kraftfondet med stort kr. 200.000 til omsøkte investeringsføremål. Lånet vert gitt med 5 års nedbetalingstid.
3. Lån med pant i eigedom/anlegg/utstyr
4. Frist for å nytte lånetilsagnet vert sett til den 21.09.2018
5. Vedtaket kan etter forvaltningslova § 28 påklagast. Klagefrist er 3 veker.